



TEKSTILINDUSTRI-
MUSEET



Festivalresteveske

Design: Anne Bjørke



Utgangspunktet var ein haug av restegarn i ulike tjukkeleikar og kvalitetar. Felles var fargane: nyansar av grønt og blått. Resultatet er ei veske med plass til mykje garn og anna nyttig ein treng plass til på strikkefestival!

Strikk ei veske med god plass til garn - bruk restar, lek med fargar og strukturar! Mønsterbordane kan delast på fire maskar og kan varierast i høgda. Mønsteret er dermed tilrettelagt for at du kan bruke både tjukkare og tynnare garn og variere masketalet alt etter kor stor du vil ha veska. La fantasi og fargeglede råde!

Material

Restegarn av ulik tjukkheit og type – alt etter kva du har og har lyst å bruke

1 knapp

Strikkepinningar og ein heklekrok

Bruk fargar du likar og blir glad av. Du kan for eksempel eksperimentere med ulike nyansar av ein eller fleire fargar eller du kan velje garn i fargar med større kontrast og få eit heilt anna uttrykk. Berre fantasien og restegarnlageret set grenser 😊

Strikkefastheit

Det er ikkje så viktig i dette prosjektet, men det bør vere eit mål at du får nokolunde lik vidde på veska heile vegen. Lek deg med ei blanding av bade tynne og tjukkare garn – bruk enkel tråd av dei tjukkare garna og dobbel eller trippel av dei tynnare garna.

I botnen er det ein fordel med litt tjukkare garn, slik at du får ei meir robust veske. Til den avbilda veska er det brukt garn som er 120 m per 100 gram, med estimert strikkefastheit på 14 masker per 10 cm med pinne 10. Her vart det brukt pinne 4 for å få det fast og tett.

Pinneforslag

Det kjem an på kva garn du vil bruke. I den avbilda veska er det brukt mykje garn som er ca. 350-400 m per 100 gram. Det er strikka enten med to trådar i den tjukkheiken eller ein av tråd lagt saman med ein tynn silke mohair. Pinne 4 er brukt til heile den avbilda veska.

Du treng enten ein lang rundpinne (min. 100 cm) som du brukar til magic loop, eller tre litt kortare rundpinningar. Då deler du arbeidet i to halvdelar og har maskane på kvar halvdel på kvar sin rundpinne og strikkar med den tredje. Hjørna på botnen vil gjere at det er litt knotete i starten, men etter kvart vil du kunne gå over til ein rundpinne.

Mål

Måla vil avhenge av kva garn du vel og kva strikkefastheit du får. Den avbilda veska måler 38 cm i breidde nede og er 35 cm lang (utan skulderreim).

Forkortingar og forklaringar

Omg. omgang

m. maske

h. høgde

v. venstre

Flett Dei to første m. på v. pinne skal byte plass. Du kan bruke ein flettepinne og løfte den første m. av og halde den bak arbeidet, medan du strikkar den andre m. Alternativt kan du strikke andre m. du har på venstre pinne rett og deretter første m. rett – før du lar begge dei to maskane gli av venstre pinne.

Dobbel	Omg. 1	Strikk *1 rett og 1 vrang*. Gjenta ut omgangen
perlestrikk	Omg. 2	Strikk rett over rett og vrangt over vrangt.
	Omg. 3	Strikk vrangt over rett og rett over vrangt.
	Omg. 4	Strikk rett over rett og vrangt over vrangt.

I-cord felling *Strikk 2 m. rett, strikk så to m. vridd rett saman (stikk pinnen inn som om du skal strikke vrangt – det vil seie at du stikk pinnen inn gjennom den første m. og deretter den andre m).* No har du felt ein maske. Flytt så dei tre maskane du no har på h. pinne over til v. pinne, stram tråden litt og gjenta frå *-* til du har felt så mange maskar du skal.

Botnen

Vel eit litt tjukkare garn og legg opp 60 maskar – eller det du treng for å få den breidda du vil. Strikk deretter:

1 omg. rett, 1 omg. vrang og deretter 2 omg. rett (den siste omgangen rettstrikk er frå vrangsida og dannar dermed ei rille). Gjenta desse fire omgangane til botnen er nesten så djup du vil ha den – og avslutt med 1 omg. rett, 1 omg. vrang og 1 omg. rett. Desse tre omg. dannar rettstrikk på rettsida av arbeidet. Fell av frå vrangsida.

Bolen på veska

Plukk opp maskar langs alle sidene. Om du la opp 60 maskar og strikka i alt 19 omgangar, så kan du ta opp 58 maskar langs kvar langside og 19 langs kortsidene = 156 maskar. Totalt masketal på første mønsterbord skal vere deleleg med fire. Plukkar du opp for mange, så kan du felle av på første omgang slik at du har eit masketal som kan delast på fire. Set maskemarkør i dei fire hjørna og marker kvar omgangen startar.

Felling

Du kan velje om du vil felle med jamne mellomrom i kvart hjørne, slik at du får ei svakt innskrådd form. Dette gjerast ved å strikke saman to maskar – ein frå kvar side av maskemarkøren i kvart hjørne. Fell i tilfelle på ein omgang der du skal strikke berre rett eller berre vrangt. På den avbilda veska er det felt ein maske i kvart hjørne ca. kvar femte cm, i alt seks gongar. I og med at du feller fire maskar kvar gong vil det ikkje ha innverknad på mønsteret, då alle bordane er deleleg med fire.

Mønsterbord I - rutenett

Omg. 1-3	Strikk vrangt
Omg. 4	*Strikk 1 m. vrangt, stikk h. pinne inn i andre maskehull nedanfor neste maske på pinnen, hent tråden og strikk ein maske rett (slepp masken du har på pinnen), strikk 2 m. vrangt.* Gjenta frå *-* ut omgangen.
Omg. 5-7	Strikk vrangt
Omg. 8	*Strikk 3 m. vrangt, stikk h. pinne inn i andre maskehull nedanfor neste maske på pinnen, hent tråden og strikk ein maske rett (slepp masken du har på pinnen).* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Gjenta pinne 1-8 ein eller fleire gongar, alt etter kor høg du vil ha borden og kor mykje garn du har. Avslutt med enten omg. 2 eller 6.

Mønsterbord II - flettestruktur

Omg. 1-3 Strikk rett

Omg. 4 *Strikk 2 m. rett, flett dei to neste m.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Omg. 5-6 Strikk rett

Omg. 7 *Flett dei to første m., strikk 2 m. rett.* Gjenta frå *-* ut omgangen.


Gjenta omg. 2-7 slik at borden får den høgda du ønskjer – eller så langt garnet rekk. Avslutt enten etter pinne 1 eller 5.

Mønsterbord III - strukturstrikk

Omg. 1 Strikk rett

Omg. 2 Strikk vrang

Følg deretter diagrammet – gjenta rapporten som er markert med raudt. Om du ønskjer ein høgare bord, kan du strikke til og med omg. 9 og deretter gjenta omg. 6-9 så mange gongar du vil. Avslutt så med omg. 10-13.



Mønsterbord IV - vaffelmønster

Denne borden kan gjerne strikkast med to ulike fargar. Dette vil skape ein fin overgang mellom to fargar. På den avbildta veska er fargane i denne mønsterborden ein kombinasjon av fargane i bord III. og V.

Omg. 1 Farge 1: *strikk 1 m. rett, løft 1 m. laust av utan å strikke.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Omg. 2 Farge 1: *strikk 1 m. vrangt, løft 1 m. laust av utan å strikke.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Omg. 3 Farge 2: Strikk rett

Omg. 4 Farge 2: strikk vrang

Omg. 5 Farge 1: *Løft 1 m. laust av utan å strikke, strikk 1 m. rett.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Omg. 6 Farge 1: *Løft 1 m. laust av utan å strikke, strikk 1 m. vrang.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Omg. 7 Farge 2: Strikk rett

Omg. 8 Farge 2: strikk vrang

Gjenta så mange gongar du ønskjer – avslutt enten etter omg. 4 eller 8.

Mønsterbord V - riller

Omg. 1-3 Strikk rett
Omg. 4 Strikk vrangt

Gjenta omgang 1-4 om du ønskjer ein høgare bord eller rett og slett har meir garn du ønskjer å bruke opp. Avslutt etter omgang 3.

Mønsterbord VI - holbord

Omg. 1 Strikk vrang
Omg. 2 *Strikk 2 m rett saman, 1 kast.* Gjenta frå *-* ut omgangen.
Omg. 3 Strikk vrang

Om du ønskjer å repetere denne borden, så kan du gjenta omg. 2 og 3.

Mønsterbord VII - riller

Gjenta mønsterbord V.

Mønsterbord VIII - perlestrikk

Omg. 1 Strikk vrangt
Omg. 2 *Strikk 1 m. rett, strikk 1 m. vrangt.* Gjenta frå *-* ut omgangen.
Omg. 3 *Strikk 1 m. vrangt, strikk 1 m. rett.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Gjenta omg. 2 og 3 så mange gongar du ønskjer. Avbilda veske har i alt 10 omg. perlestrikk, det vil seie at omg. 2 og 3 vart strikka i alt fem gongar.

Avslutt med omg. 1.

Mønsterbord IX – holmønster

Omg. 1-3 Strikk rett
Omg. 4 *Strikk 2 m. rett, strikk 2 m. rett saman, 1 kast.* Gjenta frå *-* ut omgangen.
Omg. 5-7 Strikk rett
Omg. 8 *Strikk 2 m. rett saman, 1 kast, strikk 2 m. rett.* Gjenta frå *-* ut omgangen.

Gjenta så mange gongar at du får den høgda på borden du ønskjer. Avslutt etter omg. 3 eller 7.

Felling og skulderreim

Du skal no felle av og lage halve skulderreima først på eine sida av veska – og deretter på andre sida. Del masketalet i to og set ein maskemarkør i kvar side.

Du skal felle av med I-cord. Då må du først legge opp tre ekstra maskar. Dette gjer du slik: *stikk pinnen inn frå framsida mellom første og andre masken på v. pinne – hent garnet og dra det gjennom og hekt det opp på pinnen slik at dette blir den første masken.* Gjenta 2 gongar til frå *-*, slik at du har tre nye maskar fremst på venstre pinne.

Strikk I-cord med felling til du har igjen halvparten av maskane + dei tre I-cord maskane på den eine sida av veska. Du skal no strikke dobbel perlestrikk fram og tilbake for å lage skulderreima, men du skal fortsette med I-cord med felling på den sida du allereie har starta

avfelling og samtidig lage I-cord på andre sida av reima. Dette får du til ved alltid å strikke rett dei 3 første m. på kvar omgang og alltid løfte laust av dei tre siste m. (utan å strikke dei) med garnet foran arbeidet.

Skulderreim

- Omg. 1 Etter du har strikka I-cord (2 m. rett, to m. vridd rett saman), skal du strikke dobbel perlestrikk til 3 m. før sidemarkør. Løft desse tre m. laust av med garnet foran arbeidet. Snu.
- Omg. 2 Strikk 3 m. rett (dei 3 m. du løfta laust av på slutten av førre omg. – dette dannar I-cord utan felling). Strikk dobbel perlestrikk fram til 3 m. før sidemarkør. Løft desse tre m. laust av med garnet foran arbeidet. Snu.
- Omg. 3 Strikk I-cord m. felling, flytt dei tre m. over på venstre pinne og gjenta, slik at du i alt feller to maskar på denne omg. Strikk så dobbel perlestrikk fram til 3 m. før sidemarkør. Løft desse tre m. laust av med garnet foran arbeidet. Snu.

Gjenta omg. 2 og 3 til du har 3 I-cord maskar på kvar side og så mange m. i midten som du treng for å få ønska breidde på reima. På den avbilda veska er det 3 I-cord m. + 6 m. + 3 I-cord m. Strikk så I-cord utan felling (strikk rett dei tre første m. og løft laust av dei tre siste med garnet foran arbeidet). Maskane i mellom strikker du i dobbel perlestrikk. Fortset til du har ønska lengde på eine halvdel av skulderreima. Set maskane over på ein maskehaldar eller ein tråd.

Du skal no gjenta denne prosessen for lage den andre delen av skulderreima.

Når begge skulderreimene er like lange og du har ønska lengde, skal du strikke dei saman og felle av ein prosess. Set maskane frå kvar side av reima på kvar sin pinne. Legg så rette mot rette, slik at du har spissen på begge pinnane same veg. *Bruk ein ekstra pinne og strikk saman ein m. frå kvar pinne. Etter å ha gjort det to gongar, vil du ha to m. på h. pinne. Dra så m. lengst til h. over den m. du strikka saman sist.* Gjenta frå *-* til du har felt av alle.

Knapp og knappehempe

Finn ein fin knapp og sy den på rett under utsida av I-cord kanten på midten av eine sida. Ta dobbelt garn/litt kraftig garn og hent opp ein maske gjennom innsida av I-cord kanten på andre sidan av veska. Så heklar du fastmaskar til du har ønska lengde og festar hempa med ein fastmaske rett ved sidan av der du henta opp første masken. Det er bra om hempa er litt stram, slik at knappen blir i hempa så lenge du vil den skal vere der!

Innvending lomme

Du kan lage ei innvendig lomme ved å plukke opp maskar langs innsida av veska. Du vel sjølv kvar du vil plukke opp maskar frå, men ein tips er å ta det nokre cm. Under I-cord kanten, slik at den ikkje blir dradd ned om du har litt vekt oppi lomma. Du bør nok minimum plukke opp 1/3 av masketalet du la opp. Strikk så glattstrikk fram og tilbake (1 omg. rett og 1 omg. vrang) til lomma er passe djup. Då strikkar du 2 omg. rett, slik at du får ei rille = brettekant. Fortset deretter i glattstrikk tilbake (1 omg. rett og 1 omg. vrang) til begge delane er like lange. Avslutt med I-cord felling.

Finpuss

Sy saman gapet mellom skulderreim og I-cord kant. Brett lomma dobbel og sy saman dei to sidene av lomma. Fest alle trådar. Du kan enten dampe veska lett frå vranga – eller vaske

den og legge flatt til tørk. Om du ikkje har lik strikkefastheit på alle bordane, er dette ein fin sjanse til å prøve å strekke veska til ønskja mål.

Då er veska klar til bruk – fyll den med garn og strikk som gjer deg glad 😊

